

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 15/499 -
Arkivkode: 111

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 73/15	FORMANNSKAPET	01.09.2015
PS 53/15	KOMMUNESTYRET	22.09.2015

EIGEDOMSSKATT - VERK OG BRUK - HØYRING

- Vedlegg:**
1. **Høyningsbrev, ref. 12/388**
 2. **Høyningsnotat, dagsett 18.06.15**

SAKSUTGREIING:

Finansdepartementet har no sendt ut ei sak om endring i reglane for eigedomsskatt for verk og bruk i eigedomsskattelova, det er då særskilt fokus på arbeidsmaskiner som i dag vert teke med i skattegrunnlaget om dei er vurdert til å vera «ein part av føretaket.»

Bakgrunnen er at regelen er kritisert for å vera skjønnsmessig og skapa uføreseielege resultat. Til dette kan det seiast at eigedomsskatt i natur er uføreseieleg i den forstand at det er opp til den einskilde kommune å vurdera både om det skal skattleggjast, kva ein skal skriva ut eigedomsskatt på og i så tilfelle kor mykje det skal skattleggjast ut frå gjeldande lovverk. Dersom ein vil ha føreseielege ordningar så burde i så tilfelle eigedomsskatten vorte avvikla som ein særkommunal skatteordning. Når det gjeld skattlegging av verk og bruk så skal det merkjast at taksering skjer i eit ti års perspektiv og at det for å sikra rett taksering i desse sakene i hovudsak vert nytta takstmenn med spesialkompetanse. Det skal også merkjast at det er mykje rettspraksis på område, dette er dels knytt til at takseringa er komplisert og dels at dei som vert omfatta av skattlegginga har tilstrekkelege ressursar til å sikra ei rettsleg prøving.

Det vert foreslått to alternative løysingar i høyringa:

- 1) Produksjonsutstyr og innstallasjoner skal fritas frå eigedomsskatt.
- 2) Verk og bruk opphører som eigen kategori og vert skattlagt som vanleg næringseigedom.

Dei to ulike alternativa gjev ikkje vesentlege innbyrdes endringar knytta til skattegrunnlaget all den tid der det også innanform alternativ 2 vert presistert at produksjonsutstyr og innstallasjoner ikkje skal reknast inn i skattegrunnlaget.

For ein detaljert gjennomgang av framlegga viser me til Høyringsnotatet frå Finansdepartementet.

I høyringa ber departementet om tilbakemelding frå kommunane med omsyn til kommunen sin administrative kostnader ved omlegginga. Desse kostnadane er truleg ikkje så veldig store og ganske uinteressante samanlikna med inntektsbortfallet som ligg i ordninga.

I samband med dei føreslegne endringane har me vurdert konsekvensar for Tysnes kommune sine egedomsskatteinntekter frå verk og bruk i 2014:

Egedomsskatteinntekter frå verk og bruk - 2014	
Samla inntekter frå «egentlege» verk og bruk i 2014	122.702 kr
Samla inntekter frå vasskraft	21.874 kr
Samla inntekter frå kraftliner	770.028 kr
Samla inntekter frå andre infrastrukturanelegg (tele, røyr-anlegg, breiband m.v.)	45.000 kr
Samla inntekter frå vindkraft	0 kr
Samla inntekter frå prosessanlegg petrokjemi	0 kr
Samla inntekter 2014:	957.730 kr
Samla inntekter etter omlegging i tråd med dept. sitt framlegg:	21.874 kr

Det er svært lite inntekter knytt til «egentlege» verk og bruk som er knytt til særskilt taksering av maskiner og produksjonsutstyr, dette inneber at deler av desse inntektene vil liggja igjen om dei vert omklassifisert til næringseigedomar. I praksis vert inntektsbortfallet då noko mindre enn i tabellen ovenfor truleg ned mot kr. 800.000 per år med dagens skattesats.

I realiteten handlar saka om i kva grad det skal gjevast ei skattelette til verk og bruk der skatteletta vert fullt ut teke frå kommunane. Staten får ein viss auke i sine inntekter då det i dag er slik at verksemndene kan få skattefrådrag for kommunal egedomsskatt, etter statens eigne vurderingar vert 1,2 mrd teke frå kommunane, staten aukar sine skatteinntekter med utgangspunkt i desse tala tilsvarende kr 300 mill. Ut frå undersøkingar som KS har gjort er desse estimata for låge.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Den kommunale egedomsskatten er eit av få verkemiddel der kommunen sjølv kan auka sine inntekter, på den måten gjev skatten ein moglegheit til å gjera reelle lokalpolitiske prioriteringar. Skatten er også eit verkemiddel som kommunen ikkje ønskjer å krevja den inn, det kan vera ein medviten communal politikk å ikkje ha egedomsskatt for på den måten å tiltrekkja seg næringsverksemder og nye innbyggjarar. Det er uheldig om eit slikt lokalpolitisk verktøy skal takast ut av kommunen si verktøykiste, eller svekkast slik det vert gjort i framlegget frå departementet. Det er særskilt vanskeleg å forstå dette i ljós av den pågåande kommunereforma der retorikken er knytt til større lokalpolitisk handlingsrom i større kommunar.

Det er små ulikskapar i dei ulike alternativa som er lagt fram frå departementet, konsekvensen for kommunane vert eit vesentleg inntektsbortfall. Tysnes kommune ser også at det vert vanskeleg å finna modellar for å kompensera kommunane frå eit slikt inntektbortfall – korleis skal

staten her skilja mellom kommunar som har nytta potensiale til å auka sine inntekter og kommunar som ikkje har gjort det på det noverande tidspunkt?

Det samla inntektsbortfallet for Tysnes kommune vil vera mellom 800.000 og 900.000 kroner med utgangspunkt i eigedomsskatt for 2014, dette bortfallet må kompenserast om kommunen skal vera i stand til å realisera turvande investeringar mellom anna i nytt omsorgssenter og skule. Ei skattelette for verk og bruk kan hentast inn ved å auka skatteinbyrda som vert lagt på private huseigarar og næringseigedomar, såleis kan framleggget også få utilsikta omfordelingsverknader.

Tysnes kommune opplever ikkje at det er særskilte utfordringar knytt til taksering og klager i saker knytt til verk og bruk. Taksering vert gjort i eit ti års perspektiv og det er såleis vanskeleg å forstå at takseringa i seg sjølv skal gje ein uføreseieleg situasjon for verksemndene. Det er vel heller det faktum at eigedomsskatten er underlagt lokalt sjølvstyre som kan skapa ein «uføreseieleg» situasjon for verk og bruk, til liks med andre næringsverksemder og innbyggjarar.

Tysnes kommune sine administrative kostnader for å gjera ei ny taksering er ikkje noko meir enn ein marginalkost for kommunen vurdert opp mot inntektsbortfallet som følgjer regelendringa. Me føreset at det vil vera uproblematisk for staten å kompensera kommunane for meirkostnad ved ei eventuell retaksering.

Tysnes kommune vil ikkje tilrå at endringane som vert fremja gjennom høyringa vert gjenomført.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 01.09.2015:

I samsvar med innstilling.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 22.09.2015:

I samsvar med framlegg frå formannskapet.

